
Vår referanse 2020/58468-8
Dato 12.08.2020


Lars J. Nå

Avslag på søknad om plassering av salsbu for frukt v/fv 550 - Nå - Ullensvang kommune

Vi viser til dykkar søknad 20.07.2020 om plassering av salsbu i kryss ved fylkesveg 550 til fylkesveg 5104 på Nå, samt synfaring på staden den 07.08.2020.

Bakgrunn

Søkjær ynskjer å plassere salsbu for frukt ved fylkeskommunalt kryss til fv. 5104 Reiseter. Søkjær sel frukt heile sommarsesongen og ynskjer å plassere bua nær fruktgarden, han er i tillegg nabo til fylkesvegen der bua er omsøkt plassert. Bua vart i 2019 plassert utan løyve i ca. same område men på oppmoding frå Statens vegvesen fjerna av eigar pga sikthinder i kryss og bekymringsmelding frå nabo angående trafikktryggleiken. Fartsgrense på staden er 50 km/t og ÅDT på fv. 550 i juli månad er ca 1000 køyretøy, ÅDT på fv. 5104 er ca 160 køyretøy.



Vedtak

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Heimeside
www.vestlandfylke.no

EHF-Fakturaadr.
821311632

Organisasjonsnr.
821 311 632

Vestland fylkeskommune gjev avslag på søknaden ut frå veglova som grunneigar og med heimel i veglova § 57 og § 30.

Bakgrunn for vedtaket

Etter synfaring på staden 07.08.2020 har vi vurdert søknaden, og kome fram til at vi ikkje kan gje løyve.

Vi meiner den aktuelle plassen ikkje er eigna til plassering for salsbu, då dette kan medføre trafikkfarlege situasjonar. Område er eit krysningsspunkt med avkjøring både til Bleievegen (delvis kommunal) og til Reisetser.

Det er ikkje tilrettelagt tilstrekkeleg parkering i tilknytning til plassen og kundar med litt større køyretøy kan verte ståande ute i krysset sin vegbane. Dette fører til hindra framkome for andre køyretøy og kan føre til opphopning når kundebilar må parkere og mogleg snu delvis i krysset.

Det kan og vere uttrykt for at kundar til bua og andre mjuke trafikantar ikke er synleg nok for køyretøy som passerar

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Med helsing

Ann Kristin Nes
Leiar

Eva Sundal
overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:
Skjema: Melding om rett til klage

Kopi til:

ULLENSVANG
KOMMUNE